

REFERAT FRÅ MØTE I FFU

FREDAG 3.2.2017 KL. 12.15 – 14.00

Til stades: Anne Beate Maurseth (leiar), Helge Sandøy, Henning Laugerud, Christine Hamm, Synne Ytre Arne, Florian Schreck (for Sunniva P. Johansen) og Håvard Peersen.

Fråfall: Andes Strand og Gunnstein Akselberg

Skrivar: Anne Berit Apold

Saker:

- I. Godkjenning av innkalling – Innkallinga vart godkjent.
- II. Framlegging av referat frå møtet 29.11.2016
Det var ingen kommentarar til referatet.

1. Forskargruppene, samlingane og forskarskulane sine årsrapportar 2016 - vedtakssak

Årsrapportar for LLE sine forskargruppe og samlingar følgde med som vedlegg til innkallinga. Det vart peikt på at det må brukast rett namn på Målføresamlinga og Stadnamnsamlinga, sam at Talebanken og Ask burde vore nemnt. Dette vil verta retta opp før rapportane vert lagt fram for IR. Det vart vidare peikt på at det er viktig at instituttet sine samlingar er integrert i fagmiljøa. Ved ei eventuell samordninga mellom Språksamlinga og instituttet sine samlingar, må ein sjå til at samlingane ikkje vert isolert frå fagmiljøa. Det var elles semje om at det kan vera nyttig at det vert utarbeidd ein mal for årsrapportane for å sikra at dei vert meir like i forma.

Vedtak:

FFU tek årsrapportane til orientering.

2. Rettleiarforum – diskusjonssak

FFU hadde følgjande innspel til planlegginga av rettleiarforum ved LLE:

- Det er riktig å skipa til eit forum (ikkje kurs) med fokus på å dela erfaringar.
- Det kan vera interessant å invitera ein erfaren rettleiar frå eit anna fakultet, samt ein stipendiat eller ferdig doktor som heller ikkje kjem frå egne rekkjer.
- Målgruppa er rettleiarar for ph.d.-kandidatar. Ein kan forventa at alle møter opp, og det er rimeleg å be om grunngjeving for kvifor rettleiarar eventuelt ikkje møter opp.

3. Kompetanseheving av førsteamanuensar (rettleiing av ph.d.-kandidatar) – diskusjonssak

FFU hadde ei grundig drøfting av om instituttet skal/bør gjera noko for å heva dei tilsette sin kompetanse/røynsle med rettleiing for ph.d.-kandidatar. Det var ei gjengs forståing i FFU om at det er ønskeleg å heva dei tilsette sitt kompetansenivå. Dette kan ein gjera ved å inkludera vitenskaplege i drift av forskarskulane eller i større oppmoda om at førsteamanuensar vert med som siderettleiarar for doktorgradskandidatar. Det var likevel semja om at ph.d.-kandidatane sine interesser må vera i fokus, og ein må sikra at det framleis vil vera høve for ph.d.-kandidatane å ha eksterne siderettleiarar.

4. Orienteringssaker:

a) Open access

Håvard orienterte kort om temaet.

b) LLE sin strategi – vedtak frå IR

IR har vedteke ny strategi for LLE og FFU vil få ansvar for å følgja opp strategien innanfor forskning og forskarutdanning. Dette vert tatt opp som tema på neste møte i FFU.

c) Bergen forskingsstiftelse (rekrutteringsprogram)

Fleire kandidatar frå LLE er interesserte i å søkja BFS sitt rekrutteringsprogram. Instituttet kjem til å støtta to kandidatar vidare i prosessen. Saka vert følgt opp av IR.

d) Cristin-rapportering 2016

Håvard gav ei kort orientering om Cristin-rapporteringa for 2016. Instituttet har hatt ein oppgang i publiseringspoeng frå 2015 til 2016.

e) Vurdering av søkjarar til 4 stipendiatstillingar

Det har meldt seg 48 søkjarar til dei fire utlyste stipendiatstillingane. Komiteen som skal vurdere søkjarane er sett saman av: Anne Beate Maurseth (leiar), Sigrun Åsebø, Christine Hamm og Helge Sandøy. Komiteen må sjå grundigare på korleis ein skal bruka ordninga med spesialsakkunnige, og Anne Beate ba om at komiteen får tillit til å gjera denne jobben.

f) Prosess fram mot FRIHUMSAM utlysinga

Instituttet legg opp til ein fagleg prosess fram mot søknadsfrist for FRIHUMSAM. NFR si utlysing kjem 12. april.

g) Nytt frå FFU ved fakultetet

FFU ved fakultetet har vedteke at det skal gjennomførast plagiatskontroll av doktoravhandlingar før dei vert leverte inn for vurdering. Det er òg vedteke at kandidatar som ikkje viser tilfredsstillande framdrift ved midtvegsevaluering skal følgjast tettare opp.

5 Ymse

- **Offentleg ph.d.**

I samarbeid med Digital kultur søker Helse Bergen NFR si ordning «offentleg ph.d.»

- **Forskarutdanningsmelding og forskingsmelding for 2016.**

Utkast til meldingar vert sendt til FFU på sirkulasjon før dei vert lagt fram for IR.

3.3.2017

Anne Berit Apold, skrivar